

Soknerådsvalet i Todalen 11. september 2023

Måndag 11. september, same dag som kommune- og fylkestingsvalet, er det val av nytt sokneråd. Det noverande soknerådet er valnemnd, og vi er alt i gang med å tenkje på gode kandidatar. Målet er å få eit sokneråd med god fordeling både i kjønn, alder og interesser. Vi håpar at de som får telefon med spørsmål om å stille til val seier ja til det. Og har du lyst til å foreslå deg sjølv eller andre er det berre å ta kontakt.

Kvifor er soknerådet viktig?

Den lokale kyrkja betyr mykje for dei fleste, enten ein er ivrig kyrkjegjengar eller berre brukar kyrkja ved dei store hendingane i livet. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Det gjeld alt frå å få prioritert pengar til drift og nødvendig vedlikehald til å sikre ei kyrkje som er open og inkluderande.

Todalen er eit lite sokn, og det er difor viktig med eit lokalt sokneråd som kan tale vår sak. Ein periode i soknerådet er ein innsats både for kyrkja og for lokalsamfunnet.

Kva gjer soknerådet?

Todalen sokneråd har tradisjonelt vore eit «praktisk» sokneråd der fokus har vore på å halde kyrkjegarden velstelt og kyrkja i god stand både inne og ute. Vi er kyrkjevartar kvar vår gong der vi står ved inngangen og ønskjer vel møtt og kanskje har med ei kaffekanne til kyrkjekaffen. Vi arrangerer utegudstenester, kyrkjegardsdugadar og deltek i fellesrådet for alle sokneråda i kommunen. Den siste tida har vi arbeidd for å få til ein minnelund ved kyrkja.

Det er og rom for å engasjere seg i mange andre tema m.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, jus og økonomiforvaltning.

Soknerådet blir godt teke vare på av kyrkjekontoret og byråkratiet i Den Norske kyrkja, så dei administrative oppgåvene slepp vi stort sett unna.

Kven kan stille til val?

Alle som er medlemar i Den Norske kyrkja, fyller 18 år i løpet av året og har bustadadresse i Todalen sokn kan stille som kandidatar. Ingen blir sett opp på lista utan å ha sagt ja. For å stemme i valet må ein fylle 15 år i løpet av året.

Helsing det noverande soknerådet: Kristian Gjeldnes, Monika Klungervik, John Moe, Frode Grønmyr og Anne Hjørdis Telstad.